

Til instituttstyret ved IMV:

Framlegg om ny stilling i NORDISK MUSIKKHISTORIE

frå Hallgjerd Aksnes, Bjørn Morten Christophersen, Øyvin Dybsand, Asbjørn Eriksen, Astrid Kvalbein, Thomas Erma Møller, Tanja Orning, Åshild Wathne

Vi viser til invitasjon frå instituttleiar 16.10.15 og vil spele inn eit ønske til revidert stillingsplan om ei stilling ved IMV i musikkhistorie relatert til satsingsområdet UiO i Norden.

<http://www.hf.uio.no/forskning/uio-norden/forskning/index.html>

Vi ser føre oss ein høgt kompetent forskar som kan

- setje nordisk (norsk) musikkhistorie inn i ein internasjonal kontekst, i kontakt med den internasjonale forskingsfronten, og vere ein ressurs i å løfte eksisterande forsking (t. d. i rammene av Norsk Musikkav, Fartein Valen-prosjektet), ut i internasjonale fora.
- setje nærstudium og analyse av musikk inn i breiare historiske og kulturelle (kulturpolitiske) samanhengar.
- utabeide større, gjerne tverrfaglege, forskingsprosjekt om det nordiske i musikk og andre kunst- og kulturuttrykk (litteratur, bilettekunst, media etc.).
- utvikle undervisning, samarbeidsprosjekt og rettleiing i musikkhistorie der ulike tema blir tatt opp på tvers av "nasjonale skolar" (t. d. opera, nasjonalisme, modernisme i Norden og verda).

Internasjonalt perspektiv

Det er for tida stor interesse for det nordiske i fleire humanistiske forskingsmiljø i utlandet, også innan musikk. Det finst nordiske institutt ved fleire universitet i Europa og USA, og i mange musikkvitenskapelige miljø finn vi forskarar som har profilert det nordiske særlig sterkt, gjennom eigen publisering, ved å arrangere konferansar og samarbeidsprosjekt og rekruttere yngre forskarar. For å gi eit inntrykk av noko av det som rører seg, vil vi vise til desse aktuelle konferansane og initiativtakarane bak:

Music and the Nordic Breakthrough: (Oxford aug-sept 2015)

<https://nordicbreakthrough.wordpress.com/conference-programme/>

Initiativtakar Daniel Grimley: <http://www.univ.ox.ac.uk/univ-people/dr-daniel-grimley>

Music history and cosmopolitanism (Helsinki juni 2016):

<https://www.uniarts.fi/en/cosmopol2016>

Komiteleiar Vesa Kurkela: <http://www.uniarts.fi/en/vesa-kurkela>

Komitemedlem Tomi Mäkelä: <http://www.musikwiss.uni-halle.de/kontaktinformationen/mitarbeiterinnen/maekelae/>

Bakgrunn i Norge - rekrutteringsgrunnlag

Det er for tida eit tomrom etter at ein generasjon av forskarar med norsk musikkhistorie som spesiale har gått av med pensjon/blitt borte. Kompetansen i liten grad erstatta, både ved IMV, NMH og andre høgare utdanningsinstitusjonar i landet, eller vidareutvikla med tanke på nyare og vidare perspektiv, særlig ut over det biografisk-verkanalytiske og det nasjonale. Samtidig ser vi eit solid rekrutteringsgrunnlag mellom PhD.-kandidatar, postdoktorar og andre som på høgare nivå forskar på musikkhistorie både i Noreg og internasjonalt.

Vi håpar styret ser med velvilje på innspelet.